

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I spørsmålet viser representanten Oen til fylkestinget sitt vedtak frå juni 2018, der det i punkt 5 heiter:

«Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.»

Fylkesordføraren er samd med representanten Oen i at politiske vedtak skal etterlevast, også dette.

Fylkesordføraren har teke opp innhaldet i spørsmålet med fylkesrådmannen og bede om at praksisen vert skjerpa inn.»